

# KYRKJEBLADET

66. årg.


FOR VAKSDAL

Nr. 1/2012

Andakt Side 3

Slekters gang Side 15

Gudstenesteliste Side 16



## *God påske!*

### 25. – 27. mars

KIRKENS NØDHJELPS FASTEAKSJON 2012

Reidun og Ottar Dalseid Side 8-9

Aina Kristin og Oda Kristine Side 7

[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

# DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

## Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

## Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

## Kyrkjeverje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no

## Sekretær Jorunn Våle Tonckens

Tlf. kontor 56 59 39 20

E-post: jorunn@vaksdal.kyrkja.no

## Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvarboe@online.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

## Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen

og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsøe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

## Kantorane Olav Arne Steinkopf og

## Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

## Organist i Eksingedalen

### Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

## Samtale med presten


Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

*Bilete på framsida:*

*Frå altertavla i Nesheim kyrkje.*



Kyrkjene i Vaksdal er på mange vis påskekyrkjer. Me finn ofte att motiv frå påska i altarbiletta, og samla fortel dei oss mykje om påskehendinga.

Her ser me altarbiletta i Eidsland kapell, som fortel oss at Jesus døydde på ein kross - dette minnest me særskild på Langfredag. Heldigvis slutta ikkje historia der, noko altarbiletta på første side fortel oss.

Foto: A. M. Hoff

## Fellesrådsleiar:

Roy Steinsland

tlf. 474 15 293

## Soknerådsleiarar:

Vaksdal: Svein Hovlandsdal

tlf. 951 72 152

Dale: Eli Kringlebotten

tlf. 56 59 51 81 / 993 29 925

Bergsdalen: Ragna Lid

tlf. 56 59 89 20 / 938 97 044

Stamnes: Bjørn Stamnesfet

tlf. 56 59 82 91 / 414 13 351

Eksingedalen: Berit Vetlejord

tlf. 56 59 64 19 / 918 65 927

Nesheim: Frøydis Gullbrå

tlf. 56 59 52 77

## Den norske kyrkja si heimeside:

[www.kyrkja.no](http://www.kyrkja.no)

## Björgvin bispedømme si heimeside:

[www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

**Bibelen på nett:** [bibelen.no](http://bibelen.no)

## KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 180,-

Annonsepris: kr 3,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Kyrkjeverja i Vaksdal

## Grafisk utforming:

Wenche Horvei

## Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

## Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Nedre Vik,

5610 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. juni 2012.**

# Von



Frå altertavla i Bogafjell kyrkje, laga av Tor Lindrupsen. Kyrkja vart vigsla 4. mars.

Det er vår, og i våren er det von! Naturen vaknar frå vinterdvalen, det spirer og gror, dagane vert lengre og varmare, rundt oss ser me mange og kjære teikn på liv. Og det som lever og veks har vona i seg. Slik kan me kjenne att vona i eit nyfødd menneske og i alt som elles veks rundt oss.

Vona er eit livsviktig element i livet. Utan vona vert det vanskeleg for den sjuke å verte frisk att - kan hende vert det umogleg. Men me treng von om me er friske og. Det treng ikkje å vere vona om stor suksess, rikdom eller popularitet. Viktigare er vona om at livet, eller i alle fall noko av det, kan bli betre enn det er i dag. At eg har ei framtid. At nokon vil elske meg så lenge eg lever.

Olav H Hauge har skriva om vona i det sterke diktet *Det er den draumen*. Dei siste åra er dette det diktet eg oftast har høyrte lese eller omtala, og har du ikkje oppdaga det så skal du få det her:

*Det er den draumen me ber på  
at noko vedunderleg skal skje,  
at det må skje –  
at tidi skal opna seg  
at dører skal opna seg  
at berget skal opna seg  
at kjeldor skal springa –  
at draumen skal opna seg,  
at me ei morgonstund skal glida inn  
på ein våg me ikkje har visst um*

Påska gjekk frå nederlag til siger. Frå død til liv. Få vonløyse til von. Den ytre hendinga i påska er dramatisk nok, men vert likevel overgått av mange andre hendingar der menneske lid og døyr. Så påskehendinga i seg sjølv er ikkje noko døme på den største menneskelege lidinga. Men den Jesus som døydde på krossen den aktuelle påska var Gud sin son. Og viss døden kunne vinne over Gud var jo all von ute! Då ville døden sine krefter vere dei sterkaste, og me menneske underlagt desse kreftene.


Då ville me vere utan von. Men døden var og er ikkje sterkast! Me treng ikkje vere vonlause. Jesus sigra over døden. Den sigeren får me del i, og ved den sigeren kjem von til oss. Må Gud, som gjev von, fylla dykk med all glede og fred i trua, så de kan vera rike på von ved Den heilage andens kraft. (Paulus sitt brev til Romarane 15,13).

Så GOD PÅSKE alle saman!

*Med helsing  
Frode Kvamsøe*

# Fleire til gudsteneste i 2011

Det er ei glede å sjå statistikken for 2011. I fleire av kyrkjene våre i Vaksdal har det vore auke på gudstenestedeltakarar. Det har skjedd samstundes med at talet på gudstenester har gått ned. Reduksjonen var planlagd. Me hadde eit for høgt antal i høve det som er tilrådd standard for presteteneste i vår tid. Likevel har altså fleire funne vegen til Guds hus.



## Enkelgudstenester

Det er ikkje ein eintydig forklaring på kvifor, og me må nok berre gissa. Eg trur mellom anna at ei satsing på enkelte gudstenester kan gje ei viss forklaring som at me hadde jubileum i Stamnes og at me har hatt gudstenester med tårnagenterar på Vaksdal og 11-åringane som har overnatta i kyrkja i Dale. Slike enkeltgudstenester trekk opp eit gjennomsnitt. Samstundes er framgangen meir gjennomgåande, og slike enkelthendingar vert då berre del av forklaringa. Det har ikkje vore noko auke på familiar som har kome med borna sine til dåpen. Det er berre Dale og Stamnes som har ei bitte lita framgang her.

## Satsing inn mot familiegudstenester

Samla kom det 7194 personar til gudsteneste i alle kyrkjene våre mot 5984 året

før. Når det gjeld familiegudstenester så er det berre Vaksdal og Nesheim som har hatt framgang. Dei andre kyrkjene har gått tilbake. Men Vaksdal har auka med heile 416 mot 264 på familiegudstenester. Det kan berre tyda at me her har klart å gjere desse gudstenestene meir spanande for familiar og born. Det vonar me at kan skje òg i framtida. Dette kan òg tyda bra for framtida med utbygging av trusopp-læringsplanen i kyrkja. Me skal altså i framtida få på plass prosjekt for dei ulike alderstrinna og fasane inn mot gudstenestene. Dessutan kjem det i løpet av året lokal innføring av ny liturgi med større involvering. Det skal vere på plass innan Første søndag i advent. Mange treng eit påskudd for å komme til kyrkja.

## Religiøs lengt i urolege tider

Men framgangen som tydeleg er på heilt

vanlege gudstenester tyder òg at det nok er i tida at fleire søker andeleg røter. Det er urolege tider ute i verda. Folk søker ei meining i noko meir enn pengar, jordisk gods og opplevingar. Det er likevel ikkje den store tilstrøyminga. Statistikken gjev berre ein tendens. Eg trur og vonar at pendelen svingar i samheldet vårt mot meir fellesskap. Etter ei tid med stor dyrking av individuell fridom, går vi no mot større grad av ansvar. Det er ein samanheng mellom det økonomiske klima, miljøtrugslar og det andeleg klima. Først når eg ser at eg sjølv er liten og sårbar, skjønner eg at eg treng ein himmel over livet, og ein stor og mektig Gud eg kan be til.

Edvard Bø

## Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2012

# Det handlar om rettferd

Meir enn éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Det vil folk i Vaksdal kommune gjere noko med.

**25. - 27. mars går Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2012 av stabelen over heile landet. Tysdag 27. mars besøker konfirmantar og vaksne alle husstandar i Vaksdal, Dale og Stamnes sokn for å samle inn pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Det er og høve til å gje pengar til Fasteaksjonen i gudstenestene i Eksingedalen kyrkje (25. mars), Nesheim kyrkje (Palmesundag) og Bergsdalen kyrkje (Påskedag).**

- Over éin milliard menneske lever i ekstrem fattigdom. Urettferdigheit tek menneskeliv kvar dag. Vi er med på denne aksjonen for å støtte menneske sin kamp for å klare seg sjølv og håpar at folk tek godt imot oss når vi kjem med bøsse. Pengane som vert samla inn går til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid for ei rettferdig verd.

### Engasjement som imponerer

- I fjor fekk vi inn over 63.000 kroner berre på dør-til-døraksjonen. Det var vi veldig fornøgd med, samstundes som det hadde det vore moro om vi klarte å samle inn enda meir i år!

### Livsviktige grønsaker

I Guatemala støttar Kirkens Nødhjelp eit prosjekt som bidrar til at menneske kan skape seg eit liv utan fattigdom. Her får mayakvinner opplæring i bærekraftig jordbruk og støtte til å bygge drivhus. For i fjella i Guatemala er det krevjande å drive jordbruk, og dette har ført til at underernæring er utbreidd. Mange born lir av mangelsjukdommar på grunn av einseitig kost og lite mat. Nokre av desse problema stammar frå tida med konflikt, då mange vart jaga på flukt og måtte busetja seg i nye område der dei ikkje hadde kunnskap om jorda dei dyrka. Dette



Drivhus i Guatemala.

kom i kombinasjon med uføreseielege tørke- og regnperiodar. Mange menn flykta til byane for å finne arbeid, medan kvinnene vart att på landsbygda med ansvaret for familien, seier Hugo Garrido, leiar av CIE-DEG, organisasjonen bak prosjektet og Kirkens Nødhjelp sin partner i Guatemala.

Kirkens Nødhjelp støttar utgifter til drivhus, vatningsanlegg og plantar

og frø.

- Grunntanken bak prosjektet er at grønsakene som kvinnene dyrkar i drivhus skal inngå i familien sitt kosthald. Eit eventuelt overskot kan seljast vidare og gje inntekt. Fleire av kvinnene som har delteke i prosjektet har no både næringsrike grønsaker på bordet og råd til å gje borna sine skulegang og utdanning.

## Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 25. – 27. mars

Set fokus på økonomisk rettferd: Saman kan vi kjempe for ei framtid utan fattigdom. Det er kyrkjelydane rundt om i heile landet som står for gjennomføringa. Kontakt den næraste kyrkjelyden din om du vil bidra ved å gå med bøsse.

Du kan støtte aksjonen direkte ved å:

- Bruke kontonummer 1594 22 87493

- Ringe givartelefon 820 44 088 (200 kroner)

- Sende ein sms <KN200> til 2090 (200 kroner)



## Tårnagentane inntek Vaksdal kyrkje for andre gong

Det var stor suksess då vi hadde tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje i fjor. Vi ynskjer deg som er 8 eller 9 år, og går i tredje klasse på skulen: Velkommen. Dette gjeld alle i heile Vaksdal kommune, og helga vert òg i år i Vaksdal kyrkje. De vil få brev med informasjon og påmelding. Det er tårnagentar over heile landet. Nokon har kanskje sett program på TV. Helga 21. og 22 april er det felles helg i kyrkjer frå nord til sør. Følg med, følg med!!!

### Kva er ein tårnagent?

Tårnagentar er nysgjerrige, og vil finne ut av ting. Som tårnagent søker du å finne ut av mange skjulte ting og løyndomar i kyrkja. Du vil få eige identitetskort med fingermerke. Så vert du på lag i ei gruppe som løyser oppgåver og får oppdrag frå sjefen.

### Skattejakt

Kva skjuler seg bak spindelveven i tårnet? Kyrkja er gamal. Såg ho annleis ut før? Kva tyder dei fire fargane grønt, lilla, raudt eller kvit? Kva har solen å gjere i kyrkja, og krossen? I skattkista finn vi oppdrag og reiskapar som skal hjelpe deg å utforske mange skattar. Det er ikkje gull alt som glimar, men nokre skattar er meir verd enn gull og edelsteinar.

### Løyndomar

Ein agent må lære seg å halde på løyndomar. Det er ikkje alt som vert sagt høgt. Noko kviskrar vi, noko må du hugse. Noko står skrive med lita skrift. Noko er skjult i symbol eller kodar. Dei inneheld ein bodskap når ein vert kjent med dei. Som de skjønar kan ikkje alt informerast om på førehand. Slik er det å vere agent. Mykje må ein finne ut av undervegs. Det er på plass i kyrkja at tårnagentane ser og oppdagar kva som skjular seg bak murane. Det vert ei spanande helg.

Sjefen kallar.

## Nye takter i Eksingedalen kyrkje!



Framme frå venstre: Kari Bergo og Hanna Gullbrå Tollefsen. Jorill Nese sit i midten, og Sigurd Steinkopf sit bakerst.

Foto: Magnar Nese

I gudstenesta søndag 19. februar vart det i Eksingedalen kyrkje prøvd ut ny liturgisk musikk med band. Denne musikken var skrivi av komponisten Magnus Beite. Magnus Beite er utdanna filmkomponist og har mellom anna skrivi musikk til "Knerten gifter seg", "Fritt vilt" og "Julenatt i Blåfjell". Han har òg vore med på å produsere musikk til såpeserien "Hotell Cæsar" på TV2. I 2008 vant Beite prisen for årets mest spelte song på amerikansk radio med songen "Closer".

Medverkande bandmusikarar var elevar i kulturskulen, ma fekk me høyre nokre av dei som gjekk vidare i lokalmønstringa av Ungdommens Kulturmonstring den 9. februar i år. I tillegg var kantor Olav Arne Steinkopf og organist Asbjørn Nese med. Det verka som om til at kyrkjelyden sette pris på dei friske taktane.

### Fellesmøte mellom bedehuset og kyrkja på Vaksdal

Då det i fjor vart sett opp gudsteneste i kyrkja samstundes med eit møte i bedehuset på Vaksdal, kom ideen opp om å ha ei fellessamling i staden for å ha kvar sine samstundes. Den gode røynsla med dette gjorde at ein i år vart samde om å legge opp til ei slik samling under planlegginga av vårprogrammet i bedehuset og i kyrkja. Difor kan me ynskje velkomen til fellessamling i **Vaksdal bedehus søndag 25. mars kl. 11.00**

Opplegget vert omtrent slik som et vanlegvis er når det er storsamling i bedehuset, inkl eit søndagsskuleopplegg i kjellaren under samlinga. Talen vert ved sokneprest Frode Kvamsøe, kantorane i Vaksdal syter for det musikalske. Korskulen syng. Det vert og nattverdfeiring i samlinga, og teke opp kollekt til Misjonshøgskolen i Stavanger.

# To unge dirigentspirer

*Aina Kristin Steinsland, 11 år, og Oda Kristine Ø Steinkopf, 12 år, dro 13 -15 januar på kurs i Åsane for å lære seg å dirigere barnekor.*

Var det gøy? - Ja, var det spontane svaret frå begge jentene.

Kva var det som var kjekt då? - Det å få stå framfor dei andre og dirigere og muligheita for å styre.

De syns ikkje det var vanskeleg å dirigere? - Litt. Det er vanskeleg å lære noter, seier Aina. Oda syns ikkje det er så vanskeleg, for ho kan ein god del noter frå før.

Kva slag songar var det de lærte å dirigere? - Heilt enkle barnesonger som me kjente frå før som Lisa gikk til skolen og Kjerringa med staven.

Når de skal dirigere er det jo de som skal telje opp og halde takten. Korleis gjekk det? - Nei, det gjekk heilt greitt.

Må ein kunne spele eit instrument som til dømes piano for å vere med på dirigentkurs? - Nei.

Korleis er det med de to, spelar de instrument? - Aina spelar ikkje, mens Oda har lært seg både piano, fiolin og bass.

Men de handlar jo ikkje om speling, men å syngje, og de har baae sunge i barnekor ei stund? - Ja, me syng i Dale og



Aina Kristin og Oda Kristine.

Tekst/bilete: Edvard Bø

Stanghelle barnesongkor. Der har Aina vore med i 4 år og Oda i 5 år. Dessutan har Oda sunge i barneket på Stamnes frå ho var heilt lita.

Var det mange med på kurset? - Ni stykk, to av dei var gitar.

Er det å lære å dirigere noko de har lyst til å gjere fleire gonger, og trur de at det kan vere noko for andre songglade born frå bygdene i Vaksdal å vere med på? - Ja absolutt.

Etter de kom heim frå kurset har eg høyrte de har prøvd dykk på å dirigere koret på heimebane. - Me lærte bort ein song som kallast Haisangen.

Korleis gjekk de å stå framfor venninne? - Litt rart, men det gjekk greitt.

Me synest at dei er kjempeflinke, sjølv om dei er litt beskjedne på å kalle det å dirigere når dei lærer bort ein ny song dei sjølv har lært på kurset. Lykke til vidare, seier me!

## Barnekorleiarar er ei viktig oppgåve

Stamnes barnekor har i haust runda 10 år. I alle desse åra har koret hatt tre faste leiarar, Anne Berit Boge Straume, Anny Bjordam Leiren og Liv Eli Seime Stamnes. Andre personar har òg vore innom som leiarar, men det er i hovudsak desse tre som har teke hand om koret. Det er litt av ei oppgåve! Alt i frå PR, sette på varme, føre medlemslister, gjere innkjøp, føre rekneskap, halde andakt, lage til fest, halde ro og orden, og mykje meir kan nemnast. Men det er ein ting som står over alt, og det er den gode stemning og ro, den tryggleiken og varmen desse menneska utstrålar som gjer at born og vaksne trivest og kan yte saman. De gjer ein formidabel innsats og Stamnes kyrkjelyd er heldige som har dykk i sitt

virke. Takk for dykkar bidrag i Stamnes barnekor i over 10 år!

Korskulen i Vaksdal har nytt godt av å ha hatt Margrethe Jamne som ein god og dyktig medarbeidar. Ho starta først sitt virke på Dale i Stanghelle/Dale barnesongkor. Fast sjåfør for borna, medhjelpar med notar og anna praktisk ansvar for andaktsstykket og leiar når koret reiste på tur. Sidan fortsette ho å vere med på Vaksdal då det vart starta barnekor der. Det er mang ein gong ein har vore takknemleg for at Margrethe har vore der og ordna opp og teke ansvar. No har ho takka for seg, og me vil takke deg for den gode medarbeidaren du har vore i desse åra!



Tone Synnøve

Anny Leiren og Oda Kristine Steinkopf.

Fekk nye utfordringar:

# Ottar og Reidun med nye jobbar



Raknestunet.

*Ottar og Reidun Dalseid bur på Dalseid, er i 50-åra, og har gjort noko som mange kan hende drøymmer om men ikkje får gjort: Dei har slutta i sine vante jobbar og teke på seg nye og uvante utfordringar.*

Sidan slutten av året i fjor har dei vore tilsette på Raknestunet Ungdoms-senter på Osterøy. Ottar er dagleg leiar, Reidun er kjøkkenansvarleg i 60 %. Ottar er ikkje ukjent med slikt arbeid, for i 22 år var han driftsleiar i eit boligbyggjarlag på Landås i Bergen. Før det har han og arbeidd i fabrikk på Dale og hjå Hole Glass på Dalegarden. Reidun har tidlegare arbeidd i heimetenesta på Dale og på Daletunet, der ho framleis har ei stilling i



**Ottar og Reidun ønskjer velkommen til Raknestunet.**

20%. Det tek omlag 50 minutt å køyre frå Dalseid til Raknestunet.

*Korleis hamna de på Raknestunet?*

- Me fekk ei utfordring på

epost. Tanken på å arbeide ein slik stad var ikkje framand hjå oss frå før, men me hadde ikkje heilt våga å tru at nokon kunne nytte oss til slikt arbeid. Me tenkte på saka kvar for oss, og då søknadsfristen kom nærare snakka me saman om det. Så me søkte jobbane – og fekk dei!

Reidun og Ottar har 6 born og 11 barneborn, somme av dei buande på Dale og på Dalseid. - No var tida inne for at me kunne gjere noko slikt som dette, for ingen av borna bur heime og treng at me er i nærleiken.

Raknestunet Ungdoms-senter er eigd av Nordhordland Indremisjon. Anlegget har 22 rom, alle har bad med WC og dusj, med totalt om lag 90 sengeplassar. Senteret vert nytta til leiararbeid, men og til kurs, konferansar og selskap. Og der finn ein både matsal, møtesal og kjellarstove. Utandørs er det

høve til ulike aktivitetar som "Tarzanløype", bading og kanopaddling. Dei fleste helgen i løpet av året er det leiar og andre arrangement.

*Kva går dykkar arbeid ut på?*

- Me legg til rette alt som skal skje på ungdomssenteret, og anten er der sjølv når det er arrangement, eller har andre om går inn i dei oppgåvene. Turnusen vår gjer at me jobbar der kvar tredje helg, så me er ikkje på senteret kvar dag. Reidun har jo sine oppgaver knytt til kjøkkendrifta, medan Ottar, i tillegg til administrasjon og kontorarbeid, like gjerne hjelper til på kjøkkenet eller spyle gards-plassen.

Reidun og Ottar har lang røynsle i det kristne arbeidet. - Ottar ha vore med i indremisjonsarbeidet i mange år, og hatt leiaroppgaver både lokalt og i Nordhordland Indremisjon. Han har og for-

# på Raknestunet



Reidun og Ottar Dalseid.

kynnaroppgåver rundt om i kretsen. I Dale sokneråd har han vore med ein periode, og eller vore engasjert i Kr.F sitt arbeid her lokalt. Reidun har og vore med i indremisjonsarbeid i mange år, mellom anna var ho med og starta og leia Ving i Dale bedehus. Dei åra det var kyrkjelydsnemnd i staden for sokneråd på Dale var ho og med der.

Ottar er frå Dale, men ikkje Reidun. – Eg er fødd og oppvaksen i Dalseiddalen, seier Ottar, men var mykje hjå besteforeldra på Dalseid i oppveksten. På Dale hadde eg ein trygg oppvekst, og har mange gode minner frå oppveksten i Dalseiddalen. Reidun fortel at ho er frå Tørrvikbygd i Hardanger. Dei to har og budd på Stamnes og på Lone før dei flytta inn i nytt hus på Dalseid.

Reidun har rekna seg som kristen heile livet, men for Ottar sin del skjedde det i byrjinga av 80-talet. – Eg vart utfordra av sokneprest Steinnes til å vere med i bibelgruppa, etter at mora mi hadde ”tipsa” han. Steinnes troppa jamvel opp på Hole for å invitere meg til ei samling same kveld. Eg vart med i

denne bibelgruppa, og tok ganske snart eit standpunkt om at dette ville eg bli ein del av. Så byrja eg å gå på møter, og kristentrua vaks fram. På Hole hadde eg elles ein god kollega i Olav Steinsbø, og me snakka gjerne saman om det som hadde med kristentrua å gjere.

*Kva tyder kristentrua i for dykk i kvardagen?*

- Ho betyr mykje. Me kan kvile i løftene, og legge vår bekymringar på han. Me har ein Frelsar og Gud som lyttar til oss og er med oss i kvardagen. Sjølv om han somme gonger kan kjennast fjern er Han der.

*Det er snart påske – kva har den høgtida å seie for dykk?*

- Påskebodskapen er viktig. Skjærtorsdaghendingane talar sterk til meg, seier Ottar. - Særleg då Jesus vaska læreseveinane sine føter og på det viset synt seg som ein tenar sendt til oss mennesker frå Gud. Og då Jesus same natta låg på kne og bad i Getsemane og jamvel sveitta blod under den kampen han kjempa.

**Intervju/tekst:**  
Frode Kvamsøe

## Orgelresitasjonar/ konsertar i påska:

I påska har ein høve til å få med seg orgeltonar som ei innleiing til nokre av gudstenestene. Det vert ein liten ”konsert” der programmet vil vere prega av pasjonstida. Resitasjonane byrjar ein halv time før gudstenestene.

Det vert orgelresitasjon i:

**Stamnes kyrkje skjærtorsdag 5. april kl 16.30:** Orgelresitasjon ved kantor Olav Arne Steinkopf

**Dale kyrkje skjærtorsdag 5. april kl 19.30:** Orgelresitasjon ved kantor Olav Arne Steinkopf

**Vaksdal kyrkje langfredag 6. april kl 10.30:** Orgelresitasjon ved kantor Tone Synnøve Øygard Steinkopf

## Felles høgtidsgudsteneste

**1. påskedag kl 11.00 i Dale kyrkje**

1. påskedag vert det igjen felles høgtidsgudsteneste, denne gong i Dale kyrkje. Det er fint å kunne samlast på ein slik måte til ei feiring av Jesu oppstode. Me ynskjer å fylle gudstenesta med mykje song og musikk, og utfordrar her alle som har lyst til å vere med i forsongarkoret. Me møtest kl.10.00 for ein times øving og gjennomgang av det som koret er med på. Me satsar på god oppslutning denne dagen så det kan verte ei skikkeleg festgudsteneste.

## VÅRKONSERT

**med Kilden og Korskulen i Vaksdal i Dale kyrkje søndag 13. mai kl. 18.00**

### Kort til konfirmantane i Dale kyrkje

Det er høve til å levera kort til dei som er konfirmantar i **Dale kyrkje søndag 6. mai.**

Korta kan leverast i **Heradshuset mellom kl. 10-11.**

**Hugs fullt namn på korta.**

Dale sokneråd

# Sokneråd 2011-2015



**Vaksdal sokneråd 2011-2015**  
Frå venstre: Kari Bø (skrivar), Svein Hovlandsdal (leiar), Odd Arild Faugstad (repr. i fellesrådet), Sonja Berit Boge (medlem), Bjørn Knutsen (nestleiar), sokneprest Edvard Bø (geisteleg representant). Ikkje med på bilete: Morten Eintveit (kasserar).



**Eksingedalen sokneråd 2011-2015:**  
Frå venstre: Geir Høvik (nestleiar, vararepr. i fellesrådet), Geir Ove Carlsen (skrivar), Berit Vetlejord (leiar) og Kari Brørvik (kasserar og repr. i fellesrådet). Knut Furevikstrand er 1. vararepresentant, og Frode Kvamsøe er geisteleg repr.



**Stamnes sokneråd 2011-2015**  
Bak frå venstre: Anne Margrete Eikefet (nestleiar), Olaug Lunde Stamnes (kasserar), Rannveig Signe Neset (medlem), Ingebrigt Gammersvik (skrivar), Bjørn Stamnesfet (leiar og vararepresentant i fellesrådet). Framme frå venstre: Erna Bjørg Vedaa (1. varamedlem), sokneprest Edvard Bø (geisteleg representant). Ikkje med på bilete: Eidrun Straume Normann (representant i fellesrådet).

# Konfirmantar Vaksdal 2012 (alle sokn)

## 29.04.2012 kl. 11.00 EIDSLAND KAPELL

Iversen, Erika  
Larsen, Jonas Møster

## 06.05.2012 kl. 11.00 VAKSDAL KYRKJE

### JENTER

Brunsvik, Anne Britt Rongved  
Bruvik, Åshild Stanghelle  
Igland, Anita  
Stavenes, Malin  
Vågen, Lina Eide

### GUTAR

Alvheim, Ruben  
Amundsen, Jonas Bakke  
Amundsen, Vetle Hammersvik  
Berge, Max  
Boge, Erik Skaftun

## 06.05.2012 kl. 11.00 DALE KYRKJE

### JENTER

Aga, Malene Knutsen  
Arne, KateMarie Rødberg  
Birkeland, Hanna  
Dalseid, Anette Hansen  
Farestveit, Sara  
Jakobsen, Malin Gjermo  
Kraft, Michelle  
Sellevold, Hanne Dale  
Solstad, Stine Kallestad  
Standal, Katharina  
Svarstad, Benedicte Boge

### GUTAR

Birkeland, Viljar  
Bjørnberg, Olav Stamnes  
Eliassen, Odd Inge Tvetterås  
Grenasberg, Robert Tvedt  
Hesjedal, Tomas Låstad Eide  
Indrebø, Jonas Auro  
Jakobsen, Ole Marius  
Kvamme, Sindre Johannes Skorpen  
Lillevedt, Preben Kleppe  
Sellevold, Nicolai Rolland  
Steinkopf, Sigurd Øygard

## 13.05.2012 kl. 11.00 STAMNES KYRKJE

### JENTER

Vedaa, Kine Skjervheim

### GUTAR

Balestrand, Henrik  
Hesjedal, Marius Hvidsten  
Holmefjord, Preben Havn  
Skjerve, Morten  
Stamnes Christian Lunde  
Straume Vegard

## 27.05.2012 kl. 11.00 BERGSDALEN KYRKJE

Fosse, Erling Fagerbakke  
Osvold, Martin Fosse

## 02.06.2012 kl. 13.00 EKSINGEDALEN KYRKJE

Trefall, Ingrid  
Trefall, Magnus



**Retting av feil i nr. 5/2011:**  
**Side 12: 60-årskonfirmantar Dale.**  
**2. rekkje f.v. Inga Birkeland, Ingrid Lydvo, Marit Erdal ... (Solveig Bøe var ikkje til stades).**

## STØTT

### Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2012



Send SMS <KN200> til 2090 (200 kr) eller ring givartelefon 820 44 088 (200 kr) eller bruk kontonummer 1594.22.87493



KIRKENS NØDHJELP  
actalliance

## MISJONS- BASAR



i Bergsdalen kyrkje  
laurdag 28. april kl. 15.00

Andakt og misjonsinfo. Åresal. Matøkt.

## Leir på FAGERTUN!

FAMILIEHELG

27.-29. april

Påmeldingsfrist: 17. april

PINSELEIR

for 18 år og oppover

25.-28. mai

Påmeldingsfrist: 15. mai

SOMMARHELG

8.-10. klasse

22.-24. juni

Påmeldingsfrist: 10. juni

Informasjon og påmelding (med namn, adresse, alder og tlf.nr):  
[bergen@samemisjonen.no](mailto:bergen@samemisjonen.no) eller SMS/mobil til 488 99 743



## Kyrkjebøker i Vaksdal


Alle bøkene kan kjøpast på Kyrjekontoret

**Kyrkja i dalen** (2008)

Nesheim kyrkje 100 år.

111 sider - **NY PRIS kr 150,-.**

Kan kjøpast i butikkane på Lavik. Kan òg kjøpast hjå boknemnda: Albert Gullbrå, Nils N. Nesheim og Asbjørn Nese.



**Dei bygde draumen** (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje 50 år. 220 sider -


**NY PRIS kr 200,-**

Kan kjøpast her:  
Dale: Gyda og Mix  
Bergsdalen: Hjå medl. i soknerådet og i kyrkja



**Kyrkjestaden Dale 100 år**  
(1996)

104 sider – kr. 50,-.



**Soga om Stamneskyrkja**

(1986)

239 sider – kr. 50,-.



## Minnst du songen

I Nore Neset kyrkja

søndag 25. mars kl. 19.00

På programmet: Bjerkrheim-jazz

Medverkande: Kilden, dir: Tone Synnøve Ø Steinkopf  
Olav Arne Steinkopf, piano • Elisabeth Lid Trøen, saksofon  
Marilen J Vågen, song • Sigurd Steinkopf, trommer  
Martin Ulltang, bass



CD-en kostar kr 150,-,  
og kan kjøpast hjå lokale forhandlarar eller  
gjennom Kyrkjekontoret

## Avskil med Asbjørn Nese 22. april




Asbjørn Nese fekk gåver frå soknerådet, her representert ved Anne Margrete Eikefet og Bjørn Stamnesfet, då han avslutta tenesta i Eidsland kapell.

Asbjørn Nese har no slutta som tilsett organist i Vaksdal. Han har vore fast organist i kyrkjene på Nesheim, Flatekval og Eidsland. I tillegg har han og gjort teneste i dei andre kyrkjene i kommunen og i mange kyrkjer utanfor

kommunegrensene.

Avslutninga av hans over 60 års lange fartstid som organist vert markert i Eksingedalen om ettermiddagen søndag 22. april. Nærare informasjon om stad og klokkeslett kjem i lokalavisene og på plakatar.



## Tiljubla framsyning vitjar Samnanger

For to år sidan hadde Sogn og Fjordane teater ei framsyning om Matias Orheim. "Hjertevart om Orheim", "vellykka" "... stor innleving og lidenskap" "... oppbyggelig, hjertelig og informativ," var ord som vart brukte av avisene den gongen og framsyninga gjekk for fulle hus.

1. juni kjem denne framsyninga til Samnanger, til kyrkja på Ådland som Orheim sjølv vitja ein gong på 50-talet. Dei er fire skodespelarar og i tillegg to som spelar på glas og ei på fele. Dette er både konsert og teater, "musikkteater", kallar dei det sjølv.

Les meir på [www.samnanger.kyrkja.no](http://www.samnanger.kyrkja.no)

Billettar er alt lagt ut på billettsevice, sjå [www.billettsevice.no](http://www.billettsevice.no) eller ring 815 33 133. Resten vert seld ved døra fredag 1. juni. Framsyninga startar kl. 19.00. Vel møtt!

Samnanger kyrkjekontor

**HVOR STOR  
VARMEPUMPE  
TRENGER DU  
EGENTLIG?**

Ulike boliger trenger  
Ulike løsninger.


**Godt & Varmt**

Hardangeveien 20, salg@godtogvarmt.as, www.godtogvarmt.as

**GRATIS  
BEFARING  
55 200 201  
Ring i dag!**

**ARNPRO** 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no



Teikning og prosjektering  
av  
Hus, hytte, garasje, terrasse, ark  
Ombygging av  
nye og gamle hus.

Hjelp til byggesøknader

**Meterstokken**

Ing. Svein Tøsse  
Tlf 56 59 80 71  
meterstokken@vaksdalanet.no



- vi gir morgendagen nye muligheter

**coop  
marked**

Opningstider:  
Mån-laur 8-20  
Søn 12-20

Avd. 405 Dale

5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01

**SÆTERDAL  
ELEKTRO**

Me leverer alt innan elektriker-  
tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**  
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no

 **VAKSDAL BLOMSTER OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS**

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå  
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

**ve vangen elektriske a/s**  
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      www.vangen-elektriske.no

**GRAVMINNER**



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

**STEINRIKET  
DALE AS**

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

## Frys du???

**AO-senteret KF kan hjelpa deg med:**

- Ved
- Pulsvarmarar
- Tøva tøflar
- Babyteppe
- Ullsjal / Halsar

### DIN BUTIKK PÅ DALEGARDEN

Opningstider: 7.30 - 15.00  
Tlf. 56 59 67 78 • aosenteret.no  
ao-senter@vaksdal.kommune.no



Dale of Norway  
56 59 54 00



## Bergsdalstunet

Bergsdalstunet  
56 59 89 34

**TOMME-**  
**STOKKEN BYGG AS**



Bytt til meir energisparande  
vindauge og merk forskjellen  
i vinter!

Vi utfører alt innan nybygg og rehabilitering.

Tlf. 477 50 467 og 481 44 680

**UTFØRER ALT INNEN**  
**TØMRERARBEID**

BYGGMESTER  
FRED BJØRNBERG AS

Tlf. 56 59 78 88  
fred@vaksdalnet.no

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



#### Dale

05.02.2012 Kasper Lie Andersen  
05.02.2012 Line Kvamme  
05.02.2012 Alexandra Seim Stanghelle

#### Vaksdal

27.11.2011 Ida Thom Welander  
29.01.2012 Vetle Milson  
11.03.2012 Veslemøy Langhelle Magnussen  
11.03.2012 Sigurd Olsen

### VIGDE



#### Vaksdal

03.12.2011 Anette Tveit Tveito og Knut Olsnes  
25.02.2012 Mona Ninnie Andersen og Henning Vinsrygg

### DØDE



#### Dale

31.10.2011	Sønneva Malena Fossmark	f. 1920
24.11.2011	Liv Midtbø	f. 1935
08.12.2011	Alf Idar Fjellanger	f. 1929
13.12.2011	Linda Wetteland Klever	f. 1964
18.01.2012	Gunnvald Tysse	f. 1934
24.01.2012	Alfhild Kvamme	f. 1923
16.02.2012	Kristian Nilsen	f. 1924
26.02.2012	Amund Stokke	f. 1920

#### Bergsdalen

27.02.2012 Eirik Småbrekke f. 1922

#### Eidsland

08.12.2011 Johan Neset f. 1954

#### Vaksdal

17.11.2011	Aasmund Boge	f. 1938
18.11.2011	Henry Vagleik Hansen	f. 1920
27.11.2011	Kath Aakre	f. 1928

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## Sundag 25. mars

MARIA BODSKAPSDAG Luk 1,4655

**VAKSDAL BEDEHUS kl. 11.00.** Felles storsamling med Vaksdal bedehus.

Frøde Kvamsøe. Nattverd. Song av Korskulen. Offer til Misjonshøgskolen.

**EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 20.00.** Høgmesse. Frøde Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp fasteaksjonen.

## Sundag 1. april

PALMESUNDAG Matt. 26,613

**VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00.** Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til De fire diakoniinstitusjonene.

**NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Frøde Kvamsøe.

Utdeling av NT. Offer til Kirkens Nødhjelp. Kyrkjekaffi.

**BERGSØYANE kl. 12.30.** Sportsandakt. Edvard Bø.

## Torsdag 5. april

SKJÆRTORS DAG Luk. 22,14-23

**STAMNES KYRKJE kl. 17.00.** Nattverdsgudsteneste. Edvard Bø. Offer til

Sjømannskyrkja. Orgelresitasjon kl. 16.30.

**DALE KYRKJE kl. 20.00.** Nattverdsgudsteneste. Edvard Bø. Offer til Kirkens Fengersarbeid. Orgelresitasjon kl. 19.30.

## Fredag 6. april

LANGFREDAG Mark 14,26-15,37

**VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.** Pasjonsgudsteneste. Frøde Kvamsøe.

Orgelresitasjon kl. 10.30

## Sundag 8. april

PÅSKEDAG Matt. 28,110

**DALE KYRKJE kl. 11.00.** Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Starnes sokn. Frøde Kvamsøe. Dåp. Nattverd. Offer til Det Norske

Misjonsselskap. Forsongarar møter kl. 10.00.

**NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.** Høgtidsgudsteneste. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Søndagsskolen Bergen krets.

**BERGSDALEN KYRKJE kl. 20.00.** Høgtidsgudsteneste. Frøde Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

## Mandag 9. april

2. PÅSKEDAG Luk. 24,3645. Ingen gudstenester i Vaksdal.

## Sundag 15. april

2. SUNDAG I PÅSKETIDA Joh. 21,1519. Ingen gudstenester i Vaksdal.

## Sundag 22. april

3. SUNDAG I PÅSKETIDA Joh. 10,110

**STAMNES KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Frøde Kvamsøe. Dåp. Nattverd.

Offer til Fagertun leirstad.

**VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.** Familiegudsteneste. Edvard Bø.

Tårnagenthelg. Offer til Vaksdal søndagsskule. Kyrkjekaffi.

## Sundag 29. april

4. SUNDAG I PÅSKETIDA Joh. 13,3035

**EIDSLAND KAPELL kl. 11.00.** Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til Fagertun leirstad.

**DALE KYRKJE kl. 18.00.** UNG MESSE. Edvard Bø, Frøde Kvamsøe og konfirmantane. Kilden deltek. Offer til KFUKKFUM

Björgvin krets.

## Tysdag 1. mai

1. MAI Luk. 14,1214

**DALE KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Frøde Kvamsøe. Preik ved Eirik Haga.

Song av Dale Mannskor. Offer til Kristne Arbeidere.

## Sundag 6. mai

5. SUNDAG I PÅSKETIDA Luk. 13,1821

**DALE KYRKJE kl. 11.00.** Konfirmasjon. Frøde Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

**VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.** Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

## Sundag 13. mai

6. SUNDAG I PÅSKETIDA Matt. 7,7-12

**NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Frøde Kvamsøe. Nattverd. Offer til Fagertun leirstad.

**STAMNES KYRKJE kl. 11.00.** Konfirmasjon. Edvard Bø. Offer til

Konfirmantarbeidet.

## Torsdag 17. mai

17. MAI Matt. 22,1722

**VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00.** Høgmesse. Edvard Bø. Offer til

Sjømannskyrkja.

**DALE KYRKJE kl. 10.30.** Høgmesse. Vikar. Offer til Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA).

**EIDSLAND KAPELL kl. 12.30.** Familiegudsteneste. Vikar. Offer til Redd Barna.

**STAMNES KYRKJE kl. 12.30.** Familiegudsteneste. Edvard Bø. Offer til Redd Barna.

## Sundag 20. mai

SUNDAG FØR PINSE Joh. 3,1621

**SKIPSHELLAREN kl. 12.00.** Friluftsgudsteneste. Edvard Bø.

## Sundag 27. mai

PINSE DAG Joh. 14,1521

**BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00.** Konfirmasjon. Frøde Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

**VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00.** Felles høgtidsgudsteneste for Vaksdal, Dale og Starnes sokn. Edvard Bø. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Forsongarar

møter kl. 10.00.

## Måndag 28. mai

2. PINSE DAG Joh. 6,4447. Ingen gudstenester i Vaksdal.

## Laurdag 2. juni

**EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 13.00.** Konfirmasjon. Frøde Kvamsøe. Offer til Fagertun leirstad.

## Sundag 3. juni

TREEININGSSUNDAG Luk. 10,2124

**STANGHELLE BEDEHUS kl. 16.00.** Familiegudsteneste. Frøde Kvamsøe.

Song av Korskulen. Offer til Norhordland indremisjon. Kyrkjekaffi.

## Sundag 10. juni

2. SUNDAG I TREEININGSTIDA Joh. 3,2630

**NESHEIM KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Frøde Kvamsøe. Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

**FITJAVATNET kl. 12.00.** Fitjivasstemna. Audun Aase.

## Sundag 17. juni

3. SUNDAG I TREEININGSTIDA Joh. 1,3551

**STAMNES KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd.

## Sundag 24. juni

4. SUNDAG I TREEININGSTIDA Matt. 16,2427

**DALE KYRKJE kl. 11.00.** Høgmesse. Edvard Bø. Nattverd. Offer til Kirkens

Bymisjon Bergen.